



VESTNES KOMMUNE

Tekniske tenester

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	/ Doknr.:
Mottatt:	12 APR 2016
Saksbeh.:	Ark.:
Kopi:	Avskr.:

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
07.04.2016		5640/2016	2013/854	Alexander Connor 71 18 40 80

Forskrift om tilskudd til utsiktsrydding i kulturlandskapet - høyring

Vestnes kommune syner til høyringsbrev vedkommande forskrift om tilskot til utsiktsrydding i kulturlandskapet.

Kommunen meiner at forskrifta ikkje tek vare på dei største verdiane og utfordringane knytt til kulturlandskapet, nemleg biologisk mangfald. Ein rår til at forskrifta ikkje blir vedteke og at midlane i staden blir tildelt fylkesmannen si tilskotsramma for SMIL-midlar og Regionalt miljøprogram for meir målretta tiltak.

Vi meiner forslag til forskrift ikkje tek nok omsyn til dei biologiske verdiane knytt til kulturlandskapet. Det kjem fram av § 1 at «*Ryddearealet kan i den sammenheng omfatte mer enn selve veikanten, så lenge ryddingen skaper utsikt.....Det er lagt opp til en vid tolkning av begrepet «kulturlandskapet».* Med eit slikt utgangspunkt kan man i realiteten fjerne større areal med vegetasjon som hindra utsikt. Ein fryktar at dette kan føre til at viktige økologiske funksjonsområde blir øydelagt. Allereie no ser ein at t.d. kantsoner, på trass at dei skal takast omsyn til gjennom fleire lovverk, blir fjerne for få betre utsikt. Dette er sær s uheldig da ei slik sone har ein rekkje økologiske funksjonar; hindra erosjon, fange næringsstoff og ikkje minst viktige levestad for planer og dyr. Andre stader kan slik vegetasjon fungere som eit klimatiltak for å ta vare på anna biologisk mangfald.

Vi meiner at ordninga er best tent med at løyvde midlar blir overført tilskotsramma til dei eksisterande miljøretta tilskotsordningane som allereie forvaltast av Fylkesmannen, SMIL og RMP der fokuset er å ivareta kulturlandskapet/fremje biologisk mangfald samt tiltak for å redusere forureiningar. Det er lite føremålstenleg å innføre ei ny ordning når ein allereie har godt etablerte tilskotsordningar som er forankra regionalt og lokalt.

Med helsing

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Alexander Connor
Miljø-/jordbruksansvarleg

Postadresse:
Rådhuset
6390 Vestnes
www.vestnes.kommune.no

Telefon:
71 18 40 00

Telefaks:
71 18 40 01

Org.nr.
939 901 965

E-post:postmottak@vestnes.kommune.no